



ULEFOSS ROTARY KLUBB

## REFERAT FRA KLUBBMØTE

Dato	År	Referent
26. oktober	2017	Liv Sonja Flolid

Desse møtte: Irene (stand-in for presidenten), Einar E, Olav Gaute, Per H, Hermann, Asbjørn, Per S, Øystein, Mathias H (ny og sonen til Øystein), Niels, Carl Didrik, vår meksikanske utvekslingsstudent Sara Sofia med vert Torbjørn Omnes, Einar og Eva, Egil og Liv Sonja.

**3-minutt ved Einar Eie, om antibiotikabruk i norsk landbruk.** Prosentvis fordeler bruken av antibiotika seg slik: 11% i landbruket, 2% i fiskeriet og 87 i menneskemedisinen. Norden er "best" på bruk av antibiotika i dyrehald; Norge nr. 1, Sverige nr. 2 og Danmark nr. 3, med Island på ein muleg 4. plass. Vert aldri bruka forebyggjande innan landbruket, kun mot sjukdom. Tidlegare vart det tilsett antibiotika i fjørfe-fôret, pga auka smittepress i store besetningar. All bruk vert rapportert inn til myndighetene og registrert ned på kvart dyr, for slik å unngå at sjuke dyr som er medisinerert skal komme i matproduksjon.

### Sara Sofie

Dette var Sara Sofia sin kveld, og ho fortalte om inntrykk og opplevsalar så langt i sitt år i vårt distrikt: Hennar fulle namn er Sara Sofía Rodríguez González.


- Kvifor utveksling?
  - Nye erfaringar
  - Lære eit nytt språk
  - Lære om andre sin kultur

Sara S er frå byen Monterrey i Mexico. Ho trives best med å vere saman med familie og venner. Hennar førsteinntrykk av nordmenn og Norge er at me er gode mennesker, og me har mykje åpent landskap med flott utsikt, og her er kaldt!! Ho må bruke boblejakke inne! Overgangen frå 40 pluss i Mexico til 15 pluss her var formidabel!

- Kva har ho lært til no?
  - Litt norsk..
  - Bruke buss og tog (første gong i sitt liv at ho har teke buss og reist med tog).
  - Vere presis!



Sara Sofie– en blid og positiv representant for Mexico



«Hva har jeg lært til nå?»

- Forskjeller mellom Mexico og Norge:
  - I Norge er det middag ca. kl 18. I Mexico kl 21.
  - Me tek av oss skoa når me kjem inn i huset, i Mexico er dette uhøfleg mot vertskapet!
  - Norge er eit sikkert land, me brukar sikkerhetsbelte både i bil og på bussen. Det finnes knapt i Mexico ...
  - Politiet i Norge kan ikkje bestikkast!
  - Her er ingen trafikk samanlikna med Mexico.
  - Det er trygt for unge jenter å ta buss og taxi i

Norge.

- Det er trygt å gå ute når det er mørkt her, i Mexico må du ha vakt med deg!
- Maten er det stor forskjell på!
- Forskjellige offisielle og religiøse feiringar; i Mexico feirar dei «dei døde sin dag», mens me her har mer russefeiring ...

Takk for så langt! Me vil få høyre meir etterkvart!

Einar delte ut premiar etter Rotenburg sitt andeløp. Egil vant flott parfyme med rosa toalettveske til, og Niels vant eit reisespell!

Så takka Einar vertsfamilien til Sara Sofia, ved pappa Torbjørn Omnes, og gav han ei jernplate med Amor og Psyke-motiv til takk og trøst!

Vinen gjekk til Asbjørn og nappet til Knut!

Husk bedriftsbesøk på Sør-Norsk Boring neste gong, 2.november, presidenten kjem tilbake med tidspunkt og me fordeler oss i bilar! Husk også hyggekvelden 9.november, den står ikkje på programlista.

#### Tillegg:

Tidspunktet for besøket på Sør-Norsk Boring er klokka **18 på bedriften**. Den ligger på høyre side rett før kommunegrensen mot Skien, rett før avkjøringen til Langeland.

amkjøring er både lurt og hyggelig. De som er interessert i samkjøring, kan møte ved lokalet klokka 17.40.



Vertsfar Torbjørn Omnes, Sara Sofie og Einar,